



Naturvernforbundet i Tingvoll

Tingvoll, 29.11.2022

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

RAPPORT - UTVALDE NATURTYPAR 2022 – SKARHAUGEN I TINGVOLL – BN00016680

Dykkar ref. 2022/202.

Slått

Slåtten blei i år veldig sein, 12. – 15. oktober, då både slåttekaren og slåmaskina var ute av drift i august – september, og blei pressa på tid. For enga gjer det ikkje noko, så lenge det blir slått og avlinga blir tatt vekk. Hestane på Stall Stølan et alt saman i alle fall. Med så sein slått er det ikkje problem med omsyn til at plantene får frødd seg, men einstapen får nok sendt litt meir næring til rota enn det som godt er. Ein del av graset blei liggande ein dag, men det var ikkje tørk. Det blei i alt 4 lass, som i fjor, 6,5 m³ trakka gras.

Ein del av den øvre biten heilt i nordvest hadde dårleg vekst også dette året. Hadde det vore i gamaltida hadde nok den delen av arealet fått eit par hestelass med møkk.

Den søraustre eller nedre delen er slått av eigar med plenklippar også i 2022. Driftsvegen opp til den øvre delen i nordvest er også klipt på same måten.

Hogst

Tele i marka til rett tid får ein ikkje alltid. Så ein måtte hogge litt på nordaustsida av lokaliteten i staden for der ein hadde tenkt. Stokkane er frakta bort, og kvisten er flisa opp og lagt i terrenget utanfor lokaliteten.

Artsobservasjonar

Det er lagt inn nokre observasjonar på www.artsobservasjoner.no.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal søkte Miljødirektoratet og fekk nokre kroner til å undersøke spreinga av kjempespringfrø i areala rundt slåtteteigen. I alt 178 planter blei påvist og fjerna på i alt 3 inspeksjonsrundar.

Avvik

Nedre del blir framleis slått med plenklippar. Hytteeigaren på nedsida og grunneigar er lite innstilte på vanleg slått av dette arealet.

Deltaking

Det er ikkje lett for Naturvernforbundet å arrangere dugnad på lokaliteten, så slåttarbeidet er gjort av Folden grønt og plan, hogsten av eigar.

Økonomi

Det var budsjettert med 20 timar og brukt 18,5 i samband med slåttarbeidet. Det er ikkje bruka tid på å breie graset dette året. Mindreforbruket blir bruka for oppdekking av meirforbruk på andre teigar.

Informasjon

Ikkje noko å melde dette året.

Aktuelle tiltak neste år

Lita avling på øvste delen skuldast delvis skugge. Det er difor nødvendig å tynne ytterlegare, særleg langs vestgrensa, men også enkelttre andre stader. Etter kvart vil det då bli spørsmål om å ta ut enkelte tre av eik.

Med helsing

Øystein Folden
Leiar

Kopi: Tingvoll kommune



Figur 1. Bilete frå 14.10.2022, Øystein Folden. Nordaustdelen av slåttemarka.



Figur 2. Foto 15.10.2022, Øystein Folden. Øvre del av teigen, mot nordvest. Avlinga er lita.



Figur 3. Foto 15.10.2022, Øystein Folden. På nordsida av den nedre teigen blei det slått litt langs kanten. Dette er småfrynsar av ruskate slåttemark, men litt slått hindrar oppslag av lauvtre.